

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/38/11

av 26. januar 2005

**om endring av vedtak 2003/135/EF med omsyn til oppheving av planane for utrydding og vaksinasjon i delstatane Niedersachsen og Nordrhein-Westfalen og planen for utrydding i Saarland (Tyskland)(\*)***[meldt under nummeret K(2005) 119]***(Berre den tyske og den franske teksta er gyldige)**

(2005/58/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 16 nr. 1 og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonen har vedteke kommisjonsvedtak 2003/135/EF av 27. februar 2003 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei tyske delstatane Niedersachsen, Nordrhein-Westfalen, Rheinland-Pfalz og Saarland<sup>(2)</sup> som eitt av ei rekkje tiltak for motkjemping av klassisk svinepest.
- 2) Kommisjonen har vedteke kommisjonsvedtak 2004/146/EF av 12. februar 2004 om endring av vedtak 2003/135/EF med omsyn til oppheving av planane for vaksinasjon av viltlevande svin mot klassisk svinepest i Saarland og utviding av planen for vaksinasjon i Rheinland-Pfalz.
- 3) Dei tyske styresmaktene har gjeve Kommisjonen melding om den nyaste utviklinga av sjukdommen hjå viltlevande svin i Niedersachsen, Nordrhein-Westfalen og Saarland. Desse opplysningane syner at klassisk svinepest hjå viltlevande svin er utrydda, og at det ikkje lenger er naudsynt å nytte dei godkjende planane for utrydding og vaksinasjon i desse delstatane.
- 4) Vedtak 2003/135/EF bør difor endrast.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedlegget til vedtak 2003/135/EF vert det gjort følgjande endringar:

- a) i del 1
  - går bokstav A), B) og D) ut,
  - vert «C) Rheinland-Pfalz» bytt ut med «Rheinland-Pfalz».
- b) i del 2
  - går bokstav A) og B) ut,
  - vert «C) Rheinland-Pfalz» bytt ut med «Rheinland-Pfalz».

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til Sambandsrepublikken Tyskland og Republikken Frankrike.

Utferda i Brussel, 26. januar 2005.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 24 av 27.1.2005, s. 45, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 138/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 4.

<sup>(1)</sup> TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003.

<sup>(2)</sup> TEU L 53 av 28.2.2003, s. 47. Direktivet endra ved vedtak 2004/46/EF (TEU L 49 av 19.2.2004, s. 42).